

SISTE INDRE

Vi er gode nyheter



«Jeg vil ligne Daniel, og jeg vil ligne Rut»

Hvem er din forbilder? Daniel og Rut var bibelske forbilder vi lærte å synge om på søndagsskolen. Det er mange helter i bibelen. Gode forbilder. Hebreerbrevet 11 lister opp mange personer vi kan lære av.

Jeg var for litt siden en tur i Nederland og besøkte blant annet byen Haarlem for første gang. Da fikk jeg se huset jeg hørte læreren min i 1983 og 6.klasse lese høyt om for oss. Huset ligger i sentrum av byen i Barteljorisstraat 19. Familien som bodde der het ten Boom. Da 2.verdenskrig rammet Nederland i mai 1940 begynte Caspar ten Boom og døtrene hans å gi skjul til jøder og motstandsfolk som nazistene ville ta. I huset drev familien klokkebutikk og urmakerverksted på gateplan i den smale bygningen på tre etasjer. I andre og tredje etasje bodde den kristne familien som alltid hadde vært engasjert i kristenliv og omsorgsarbeid i byen. Øverst i huset, i innerste del av minstedattera Corrie sitt soverom, laget de et hemmelig rom der de kunne skjule 6 mennesker om gangen hvis det ble husransakelse. Vi må elske og hjelpe jødene siden Jesus kommer fra det folket, hadde gamle Caspar lært alle de fire barna sine. Døtrene Corrie og Betsy bodde hjemme hos sin gamle far og jobbet i forretningen hans. Corrie fikk etter hvert en lederrolle i en avdeling av motstandsbevegelsen mot nazistene som man tror reddet omkring 800 mennesker fra død og fangenskap.

I februar 1944 ble familien angitt av en nabo og alle ble arrestert. Faren Caspar døde etter 10 dager i et fengsel ved den Haag, mens de to søstrene Corrie og Betsy endte etter hvert opp i konsentrasjonsleiren Ravensbruck. Der døde Betsy i Corries armer, syk og utmagret, men i håp og tro på Guds evighetshåp. Broren Willem ble også så syk og preget av fangenskap at han døde kort tid etter at

freden og friheten kom. Willems sønn, Kik, som også var med i motstandsarbeidet tanta Corrie ledet, ble også arrestert av nazistene og ingen har noen gang funnet ut hva som skjedde med ham. Han kom aldri hjem igjen etter krigens slutt. Det er fint å merke seg at de 6 personene som skjulte seg i det hemmelige rommet i Corries soverom da huset ble ransaket og ten Boom-familien arrestert, ikke ble oppdaget, funnet og overlevde krigen. Når krigen var slutt brukte Corrie all sin tid på å spre det kristne budskapet. Hun brukte en del tid i Tyskland etter krigen for å forkynne Jesus til tyskerne. Hun hjalp egne landsmenn i Nederland som hadde vært på lag med nazistene til å erkjenne sine feil og prøve å reise seg igjen og leve videre. Hun skrev brev til angiveren fra nabolaget som fikk dem fengsla og ba han erkjenne sin feil og be om Guds nåde, tilgivelse og frelse. Hun fikk svarbrev fra ham der han fortalte at han gav sitt liv til Jesus.

Corrie hadde opplevd så mye lidelse, tortur og hat. Likevel hadde hun og søstera vært enige om at de hadde merket Guds godhet og nåde midt i krigen og konsentrasjonsleiren grusomste mørke, og det måtte så mange som mulig få vite om. Corrie reiste verden rundt som forkynner. Hun forkynte i over 60 land. I Tyskland møtte hun en gang en av Ravensbrucks verste fangevoktere i ei kirke. Han fortalte henne at han hadde blitt en kristen etter krigen, men hadde bedt Gud om muligheten til å be ett av sine ofre om å tilgi ham. Corrie beskriver det som noe av det vanskeligste hun hadde opplevd. Etter en intens indre kamp rakte hun ham hånden og

sa ordene hun ba om himmelsk hjelp til å si: «Jeg tilgir deg». Da kom et bibelvers til henne fra romerbrevet 5,5: «Guds kjærlighet er utøst i våre hjerter ved den Hellige Ånd» og hun forstod at Gud hadde grepet inn i noe hun ikke kunne ordne selv.

Jeg har to viktige ting på hjertet som alle må få høre om, sa Corrie. Det ene er at jeg må alltid skjule meg bak Jesu kors, sa hun. Det andre er å fortelle bibelens budskap om tilgivelse. Tilgivelse setter fri.

Corrie har vært en av mine helter siden 6.klasse.



Indremisjonsforbundet i Rogaland
Mjølnhusvegen 70, 4364 Sirevåg
Tlf. 51 79 38 80
Nettside: imfrogaland.no
E-post: rogaland@imf.no

Direktenummer:
Anne Berit Aarsland 977 67 073
Terje Slettebø 51 79 38 80
Anne Birgitte Auestad 920 90 232
Anita Auestad 481 92 104

Kretsleiar
Torgeir Lauvås
Tlf 971 71 745

Kretsstyreleder
Egil Vigdel
Tlf 464 11 819

Bankgironr.
8220.02.80101
v:pps # 21841

SISTE INDRE
Organ for ImF-Rogaland
Tilslutta Indremisjonsforbundet
Kjem ut 4 gonger årleg
Kontingent kr 250,-
Redaktør: Torgeir Lauvås
Sats: Tubb
Trykk: Lura Trykkeri

OGNATUN
Mjølnhusvegen70
4364 SIREVÅG
Tlf. 51 79 38 88

Direktenummer
51 79 38 88
Heimeside: ognatun.no
Epost: ognatun@imf.no

Avdelingsleiar:
Elisabeth Kalvenes
Tlf. 51 79 38 88

Frihet

Enda jeg er fri og ikke underlagt noen, har jeg gjort meg til tjener for alle, så jeg kan vinne så mange som mulig.
(1 Kor 9,19)

Som menneske søker vi til enhver tid frihet. Frihet fra forfølgelse, frihet til å ytre seg og være med å bestemme i eget land.

Går en inn i leksikonet så er frihet beskrevet som: Frihet er en tilstand av suverenitet eller selvstyre for et individ, en gruppe individer eller et politisk system. Frihet er med andre ord det motsatte av å være hindret, kontrollert, tvunget eller hersket over.[1]

Til tross for historiske hendelser som til dømes 2. verdenskrig, så opplever vi igjen at mennesker blir satt i ufrihet. Flyktningsstrømmene vitner om ufrihet i land og usunne styresett.

Som enkeltmennesker er ofte tankesettet slik at en ønsker frihet til å gjøre som en vil. Etter mai kommer juni, og søken etter frihet justeres fra rødt, hvitt og blått til ett mangfold av farger og uttrykk. Deretter kommer juli, sommerferie, og vi vil ha fri fra arbeid og stress.

Min frihet til å gjøre som jeg selv vil, kan føre til tankesett og ideer som gir destruktive tanker om egen identitet og verdi. Søken etter personlig frihet omdannes til avhengighet, usunn selvforståelse og forvirring.

I Paulus brev til galaterne får vi en viktig påminnelse, eller advarsel:

Til frihet har Kristus frigjort oss. Stå derfor fast og la dere ikke tvinge inn under slaveåket igjen. (Galaterne 5,1)

Dere, søsken, er kalt til frihet. La bare ikke friheten bli et påskudd for det som kjøtt og blod vil, men tjen hverandre i kjærlighet. (Galaterne 5,13)

Hva er det da med ordet frihet som Bibelen ønsker å formidle. Frihet er først og fremst



Tom Magne Ueland

vissheten om at en som har tatt imot Jesus Kristus som sin Frelser og Herre, har fått tilgivelse for sine synder. Egenvilje og frihet fører en fort på ville veier. Hva med heller å søke hans vilje, Kristus, som setter fri. Hans vilje om at alle må få høre og ta imot evangeliet om frelse. Er det hans vilje, vil jeg også at det skal bli min vilje og mitt kall.

Så er det da ingen fordømmelse for dem som er i Kristus Jesus. For Åndens lov som gir liv, har i Kristus Jesus gjort deg fri fra syndens og dødens lov. (Romerne 8,1-2)



imf

ImF 125 år

JUBILEUMSMARKERING

Ognatun søndag 24. sept kl 11.00

Koret DIVISI synger med og for oss:

«Sammen i sangen»

JUBILEUMSKOLLEKT

KL. 13.15:

SALG AV MIDDAG OG MARSIPANKAKE



Det var 60 utsendingar samla til årsmøte i ImF-Rogaland.

Årsmøte med fokus på lokalt arbeid

Det viktigaste arbeidet i ImF-Rogaland er det lokale arbeidet. På årsmøte vart ein utfordra til å tenkja igjennom korleis ein i det lokale misjonsarbeid kan nå så langt ut som mogleg med Guds ord. Eit samfunn i endring opnar for nye moglegheiter for misjon.

► Av Terje Slettebø

Onsdag 12. april var 60 utsendingar samla på Ognatun til årsmøte for Indremisjonsforbundet i Rogaland (ImF-Rogaland). I ei video-helsing frå ImF sin nye leiar, Runar Landro, vart årsmøte oppfordra til å sjå etter moglegheiter til misjon og finna den struktur i arbeidet som er mest tenleg for den tida vi lever i nå.

Årsmelding

På årsmøte vart også årsmelding og rekneskap for 2022 gjennomgått og vedteke. Retreat på Ognatun, mentor- og sjelesorgs-arbeid er nye satsingar i ImF-Rogaland sitt arbeid. Vidare viser årsmeldinga at aktiviteten har tatt seg opp igjen etter koronapandemien. Dette viser oversikten over lokale møter for vaksne og besøk i barne og ungdomslag. I årsmeldinga blir det understreka at ImF-Rogaland ynskjer å vera til hjelp for det lokale arbeidet.

Rekneskap

For arbeidsåret 2022 vart det eit underskot på 254 000. Årsmøte merka seg ein nedgang i fast gjevarteneste frå 983 000 kr til 890 000 kr. Medan innbetalingane frå forsamlingar, foreiningar og lag hadde auka med 75 000 frå året før til kr 946 000. Årsmøte var uroa for underskot i arbeid over fleire år, og nokre utsendingar kom med innspel og oppfordra til tiltak for å betra økonomien. Styret vil arbeida vidare med dette.

Ognatun

Leirstaden Ognatun er viktig for ImF-Rogaland. Mange misjonsvenner er engasjert i dugnadsarbeid og legg ned eit stort arbeid saman med dei tilsette. Ei ny grillhytte stod ferdig for ca. eitt år sidan, og 7 av dei 11 romma i Internatbygget er blitt totalrenoverte i løpet av dei to siste åra. Dette har tært på likviditeten til Ognatun og årsmøte godkjente opptak av ein kassakreditt på 800 000 kr i påvente av utbetalingar av investeringstilskot frå kommunen.

Jesus sitt prosjekt

Andreas Evensen, rektor på Indremisjonsforbundet sin Bibelskule på Bildøy, var med på årsmøte og han hadde ein minibibeltime for dei 60 som møtte fram på årsmøte. Ut frå Matt 16, 13-20 minna han om at det er Jesus som vil byggja si kyrkja på jord. Jesus er prosjektleiar og som kristen får ein vera med på hans prosjekt. Difor kan den lokale forsamling vera verens håp understreka Evensen; -Den lokale forsamling kan vera eit håp for denne verda fordi den består ved Guds makt. Jesus er



Rektor på Bildøy Bibelskule Andreas Evensen i forgrunnen.

hovudpersonen. Gud arbeidar i den lokale forsamling ved sit ord og vil leie menneske til Jesus. Evangeliet om Jesus har makt til å frelse også i dag, understreka bibelskulerektoren.

Kretsstyre

På årsmøte vart det valt fire representantar til kretsstyre, og etter årsmøte er kretsstyret i ImF-Rogaland samansett slik: Egil Vigdel, Ræge, Laila Mong, Egersund, Svein Risdal, Riska, Reidar Røyland, Sandnes (attval) Kari Helen Garheim, Klepp st. (attval), Geir Inge Byberg, Bore (attval), Grete Thorsen, Bore (ny) og Torgeir Kalvenes, Bryne, 1. varamedlem.



Brit og Lars Tønnessen.



Kretsstyret ber for arbeidarane i ImF-Rogaland.

Retreat

Ognatun

2023



6.-10. september
Geir Otto Holmås
og Anne Berit Aarsland
Tema: Guds ledelse i liv og
tjeneste

Påmelding: imfrogaland.no



Ledermangel

Vi trenger DEG som leder på leir
disse datoene:
24.-26. nov
8.-10 desember

Vennligst meld fra til g.ueland@imf.no
eller tlf 47870409 !

Internasjonal kafe

Det er tysdag kveld og klart for internasjonal kafe på Kleppe bedehus. Annankvar tysdag kl. 18.00 -20.00 møtest folk frå mange mange ulike land, kulturar og religionar her. Nede i peisestova er det sett fram saft, kaffi og heimelaga kaffimat.

► Av Brit K Tønnessen

Går me opp ein etasje høyrer me lyden av mange barn som er i full gang i gymsalen. Her er dei i aktivitet fram til ca. kl. 18.30. Då er det tid for ein kort andakt og sang for barna. Her får dei høyra forteljingar frå Bibelen og synga barnesanger. Ofte vanker det og litt godteri til dei på slutten av samlinga. Etter samlinga er det inn i gymsalen igjen til leik og ballspel og nokre turar ned i kjellaren innimellom for å få seg litt kake og saft. For dei vaksne er opplegget enkelt. Her samlast ein for å møtast på tvers av ulike kulturar og religionar, øva på språk og knytta nye vennskap. Drøsen går godt rundt borda. Ein av dei som er her i dag kjem frå Ukraina og har budd her i Noreg sidan i haust. Han uttrykkjer fleire gonger i løpet av kvelden kor takknemlig han er for kafeen. Då kan me fortelja at me er like takknemlig for at me får



Ole Laurits Tønnessen held andakt.

vera med på dette og får lov til å verte kjent med så mange nye menneske.

Ole Laurits Tønnessen er ein av initiativtakarane til kafeen, men har fått med seg fleire andre som bidreg på ulike måtar, som å ta med mat, ønske velkommen, stelle på kjøkken og leike med borna. Her er det folk frå ulike forsamlingar i Klepp og folk frå andre land som bidreg. Han starta opp med kafeen våren -22. Det heile starta med at han sjølv blei kjent med fleire innvandrarar og fekk eit ønskje om at fleire kristne skulle engasjere seg og få bli kjent med folk frå andre land. Ønske er at ein kan utvikle vennskap på tvers av ulike kulturar og at me som kristne og

kan få vere med og fortelje dei om Jesus. Kor mange som møter opp kvar gong varierer litt, men det er nok ca 40 – 70 kvar gong. I starten var ikkje tanken å ha noko opplegg for barna, men då han etterkvart såg kor mange barn som møtte opp fann han ut at ein burde ha noko opplegg for barna. Slik vart det etterkvart både aktivitar i gymsalen og ei kort samling.

Å få vera med på dette arbeidet er utrolig spennande og meningsfullt. Me er takknemlige for å få møte så mange gode, spennande menneske, både frå Noreg og andre land. Så bed me om at arbeidet kan bli til velsigning for alle som kjem innom.



Takknemlege deltakarar på kaffén der og vennskap blir knytta.

Å ta seg av den eine!



Når Anne Berit Aarsland nå er gått over i 60% stilling som sjelesorg- og retreatleiar i ImF-Rogaland er fokuset å hjelpe, sjå og ta seg av den eine. At Jesus kan få møta og ta seg av oss på eit nært og personleg plan.

► Av Terje Slettebø

Overgangen frå ung – arbeidet ho leia før og inn i den nye stillinga har vore rett og naturleg seier Anne Berit: -Eg hadde nokon av desse oppgåvene også i den gamle stillinga men nå får eg meir tid til å konsentrera meg om det den nye stillinga handlar om.

«Drøsetilbudet»

Ho arbeider nå med å byggja opp eit gratis lågterskel sjelesorgstilbod. Difor har det fått namnet «Drøsetilbudet – for dei som treng ein prat om livet»; - Ein treng ikkje ha store problem for å ta kontakt, seier Anne Berit.

Bli kjent samtale

Ein samtale kan bestillast på imfrogaland.no/drosetilbud.; - Eg vil då ta ein «bli – kjent – samtale» med dei som tek kontakt for å kunna finna ein sjelesørgjer som passer for dei behov det blir spurt etter. Etter det vil alle i første omgang få tilbod om 3-5 samtaler med ein av våre sjelesørgjarar. Alle våre sjelesørgjarar skal ha erfaring, kurs og kompetanse for å kunna ta imot den bagasjen ein kan møta i slike samtalar, understrekar leiaren for sjelesorgstilbodet.

Lytting og samtale

Anne Berit held fram at menneske i dag søker mykje alternativt når ein treng hjelp; - Vi kristne må vera der og ta imot menneske når livet vert tøft på ein eller annan måte og vera eit alternativ til andre verdibaserte råd det som blir gitt. Sjelesorg er omsorg for sjela. Vi skal ta vare på heile menneske med tankar,



Illustrasjonsfoto: "Den eine", Aslaug Steen, Galleri og Rammeverksted.

ånd, sjel og kropp. Menneske rundt oss treng å få omsorg i form av lytting og samtale om livet, formidlar ho engasjert.

Den eine

«Drøsetilbudet» er ope for kven som helst. Nedre aldersgrense er 13 år. Tilbodet er gratis for å ha så låg terskel som mogleg. Tilbodet er basert på godt kvalifiserte sjelesørgjarar som stiller på frivillig basis. Sjelesorgleiaren understrekar at dette arbeidet er viktig for her kan ein få vera til stades for den eine og liv kan bli forvandla.

I samtalen peiker også Anne Berit på at alle kristne kan gje sjelesorg gjennom samtaler i den forstand at samtalen kan gje sjelesørgjerisk verknad.

Skatten i retreat

Anne Berit har også ansvaret for retreat - arbeidet på Ognatun. Planen er nå å arrangere retreat to gonger i året, i september og mars. Ein gong i framtida drøymmer ho også om familieretreat og ungdomsretreat; - Eg ynskjer at misjonsfolket skal oppdage skatten i det å reisa på retreat, kor verdifullt det er. For meg er det ein stor skatt å få setja av tid til å søkja Gud. For mange er dette vanskeleg å få til heime der det er så mykje anna å gjera. Set ein av tid på retreat i lag med andre er det lettare å gjennomføra, er Anne Berit si erfaring, - og ho held fram. – Vi må setja oss i

ein posisjon der Gud kan få tala til oss, det er noko vi treng meir og meir i vår tid der vi er så påverka av verda og tidsklemma. Vi fyller dagane med så mykje og prioriterer fort bort det viktigaste. Å søkje Gud i stillheit er noko eg har lært meg, noko eg ikkje kan unnvere når eg opplever verdien av det. Oppfordringa er klar. Retreat er for alle som ynskjer å søkje og få eit møte med Bibelens Gud.

Mentornettverket

Det tredje ansvarsområde til Anne Berit er mentornettverket. Her er tanken at ein skal vera åndeleg mor eller far for nokon som er yngre enn ein sjølv. Jesus har kalla oss til å vera disiplar og søkje moglegheit til å disipelgjera andre. Kort sagt, gje vidare det vi sjølve har fått.

Anne Berit seier det er flott at mange ynskjer å vera mentorer, men ho er bekymra for at vi ikkje når langt nok ut med tilbodet til alle dei som treng ein mentor. Nå er 55 personar totalt knytt til nettverket enten ved at dei får hjelp eller gjev hjelp. Og, for tida har ho ledige både mentorer og mentor - par.

Etter å ha studert og arbeida innan dette fagfeltet ei tid, meiner Anne Berit at mentortilbodet og Drøsetilbudet er med på å førebyggje psykiske lidningar.

Gina Ueland på plass som Ung leiar

Meiningsfullt arbeid med stor betydning!
-Ikkje noko er meir meiningsfullt enn å få vera med i det kristne barne og ungdomsarbeidet. Kan vi få hjelpa barn og unge til å bli grunnfesta i trua kan vårt arbeid ha betydning for evighe-ten.

► Av Terje Slettebø

Det seier Gina Ueland (35) frå Varhaug som 02. mai starta opp i 50% stilling som leiar for ImF-Ung Rogaland. Ho er også tilsett i Sentrum menighet på Varhaug i ein 30% stilling, denne stillinga har ho hatt sidan 01. mars.

Lokalt engasjement

Gina er utdanna lærar og har erfaringar frå mindre stillingar i skuleverket. Ho har sjølv nå 4 barn i skulealder, 2.-6. klasse. Det har vore naturleg for Gina å engasjera seg i det lokale barne og ungdomsarbeidet på Varhaug misjonshus; -Eg har vore så heldig og fått deltatt i dette arbeidet, gjort meg erfaringar, og merka at Gud har utrusta etter kvart.

Awana

I lag med andre leiarar fekk Gina starta opp Awana arbeidet på Varhaug: -Det er stort å sjå leiarar som blir utvikla, at arbeidet betyr noko for truslivet til barn og unge, og at dei kan få kjenna at dei høyrer til ein stad, seier ein engasjert Gina, som viser tydeleg at ho brenn for det lokale barne og ungdomsarbeidet.

Vennskap

Kva kjennskap har du til Ognatun frå før?
-Eg vart sendt på leir på Ognatun frå eg var gammal nok, og har vore på svært mange leirer. I ungdommen var eg med som leiar. Og nå når eg har fått barn sjølv og dei reiser på leir har eg vore med som både leiar og talar. Gina syns det var flott på leirane at dei hadde med Bibel og lærte å slå opp i den, ein viktig verdi som set igjen. Og på leirane vart det knytt vennskap både med leiarar og deltakarar.

Hjelp til lokale leiarar

Gina ser på ImF Ung Rogaland som ein interessant arbeidsplass, for i tillegg til leiararbeidet, ynskjer kretsen å vera ein ressurs for det lokale arbeidet; -Kan vi få vera til hjelp i det lokale arbeidet og hjelpe lokale leiarar å halda opp gnisten i arbeidet vil det glede meg. Eg er også spent på kva Gud vil eg skal gjera her, medgjev den nyttilsette leiaren.

Vinn, vinn situasjon

At ho er tilsett i stilling både i kretsen og lokalt på Varhaug trur ho vil bli positivt; -Desse to stillingane drar i same retning og eg trur erfaringar i den eine vil styrka arbeidet i den andre stillinga. To stillingar som utfylle kvarandre, synergi effekt og vinn, vinn situasjon, seier Gina optimistiske.

Ei sanning

Kva er dei største utfordringane i dag med tanke på å formidla kristen tru?
Her peiker ho på at barn og unge i dag er med på så mykje og kristne aktivitetar blir berre eit av mange tilbod; - Vi kan ikkje konkurrera med alt på skjerm, men vi kan vera ekte og svara på alle spørsmål som barn har. I dag er det mykje som blir blanda saman for barn og alt blir framstilt som rett og sant. Vår utfordring er å formidla til barn i vår tid at det er ei sanning, Jesus som kan frelsa oss for evigheita, understrekar Gina.



Gina Ueland.

Ho trur ikkje folk vil merka så mykje at arbeidet har fått ny leiar. Kanskje vil ting bli gløymt før ho kjem inn i alt og får system. Men ho håper at folk vil erfare at dei får same hjelp som før.

Flott fellesskap

Korleis er førsteinntrykket etter ei god veke?
-Medarbeidarane er ein fantastisk gjeng og eg er veldig godt motteken i dette flotte fellesskapet. Vi har sett på reiseruta til hausten og eg gleder meg til å kome rundt å bli kjent med folk. Og som mor til 4 er det godt å kunna ha litt fleksibel arbeidstid.

BIBEL- OG NATURCAMP
på KVS-Bygland 9. juli - 16.juli 2023
«Midt i hjertet av Setesdal»

MØTER OG ARRANGEMENTER:

- Barnemøter med Regine og Julianne Austegard
- Bibelsamlinger for ungdommene
- Bibeltimer med Asle Hetlebakke
- Kveldsmøter med Jostein Janøy
- Israelskveld med Harry Wiig Andersen
- Aage Samuelsen i liv og sang med Jostein og Esther Janøy
- Misjonsløp
- Sang av Oddmund Mikkelsen
- Tur med Bjøren
- Konsert i Bygland kyrkje
- Fjellturer, fiske, gokart og andre utflukter

TF:982 99711 E-post:knblisen@hotmail.com
www.bibelnaturcamp.no

Gruppe frå Bildøy på turne i Rogaland

-Viktig bindeledd mellom Bibelskulen og det lokale arbeid i kretsane.

► Av Terje Slettebø

Det seier bibelskulelærer Christian Lilleheim som var på turne i Rogaland 12.-16. april saman med 10 studentar og ein stipendiat. Desse dagane besøkte gruppa Bjerkreim, Hovsherad/Moi, ungdomsarbeidet i Bedehuskirken på Bryne og Vea bedehusforsamling på Karmøy.

Dei første dagane budde gruppa på Ognatun. Der var dei eine dagen med på ein dagsretreat medan dei ein annan dag spela inn andakter som ImF-Ung Rogaland legg ut på si Facebook - side.

Utvikla trua

Fire av studentane var frå Rogaland og vi i Siste Indre nytta høve til å snakke litt med dei om året på Bibelskulen.

Markus Gilje Eggebø, frå Gilja, seier at han har opplevd året på Bildøy som givande, inspirerende, viktig og gøy; -Eg har fått utvikla meg i trua, seier Markus.

Tankevekkjande

Elisa Obrestad frå Vigrestad går på Internasjonal linje; Vi har opplevd mykje på turane vi har vore på, spesielt tankevekkjande å vera i Colombia og sjå korleis kristne levde der i forhold til oss i Norge, fortel ho.

-På Bibelskulen får ein læra om Gud sine sanningar om oss menneske og vi lærer å byggja gode relasjonar rundt oss. Dette svarer Mona Troland frå Torvastad når Siste Indre utfordrar på kvifor ein bør prioritere eit år på bibelskule.

Legg til rette for andre

Daniel Langeland frå Nærbø er stipendiat på skulen. Han opplevde at gjennom det første året på Bildøy skjedde det så mykje i hans liv som fekk stor betydning for han at han ynskja å gå andre året og vera med og leggja til rette for at andre kunne få eit flott og viktig år på skulen slik som han.

Bli utfordra

Som stipendiat på KRIK linja planlegg han konkrete aktivitetar og er gruppeleder på turar.



Rogalendingar på Bildøy: F.v. Daniel Langeland, Markus Gilje Eggebø, Mona Troland og Elisa Obrestad.




Turnegruppa frå Bildøy i aktivitetsrommet på Ognatun.

Han syns det var kjekt å koma til Rogaland på turne; Det er godt for oss å bli utfordra til ulike oppgåver på turne, og så er det lærerikt

å sjå korleis ulike forsamlingar/bedehus driv arbeidet. Ein bruker ulike metodar, for det er forskjellige arbeidsformer som fungerer lokalt, avsluttar Daniel.

**Kringsjø
Invistering AS**

**Astor Industri
Eiendom AS**



Leirer på Ognatun 2023

Sommerleirene er allerede fullbooka og vi gleder oss til dem.



Førjulsleir 1 (2.-4.kl)

24.-26. nov.

Påmeldingen åpner: 16. okt.

Førjulsleir 2 (5.-7.kl)

8.-10. des.

Påmeldingen åpner: 23. okt.

Påmelding på: rogaland@imf.no

BØNNE- OG TAKKEEMNE

Be for:

- Drøsetilbodet
- Mentornettverket og retreat
- Bibelcamp på Lyngdal og Bygland
- Tilsette på Ognatun og i ImF Rogaland
- Glad sang – dagene

Takke for:

- Ny leiar i ImF Ung Rogaland
- Årsmøte
- Bibelskolen på Bildøy
- Internasjonal café på Kleppe
- Alle barnelag

Du kan sende inn bøneemner til kretskontoret, så tek vi det med på bønesamlingar som vi har. Send sms til 459 55 969 eller på e-post: rogaland@imf.no

LINA SANDELL OG GÖTA KANAL

25. juni -
1. juli

Sverige: Småland



Lina Sandells sangskatt har vært til stor glede i generasjoner. På denne turen får du innblikk i bakgrunnen til mange av sangene hennes. Buss fra Vest- og Sørlandet via Oslo.



EN RIK SANGSKATT

Lina Sandell har gitt oss en ufattelig sangskatt. Den har innhold som bærer fra generasjon til generasjon. I sangboken finner vi hele 39 av hennes sanger. Sangene hennes vil selvsagt stå i fokus på denne turen.



Turteam: Jostein Mulelid, Torgeir Lauvås og Signe Ferkingstad



70 17 90 00 // MAN-FRE 09-15

PLUSSREISER – mer enn ferie



På plussreiser.no finner du en mengde turer til Israel, bibelferier, pilegrimsturer, vandreturer og mye mer!

Her kan du
annonsere!

ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER

Elektrofag Jæren

Industrigt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no

En god kontakt på Jæren

ELPROFFEN



Mulbadaw Farm på 56 000 dekar i Hanangdistriktet i Tanzania

Matsikrings- og vannforsyningsprosjekt drevet med økonomisk støtte og kunnskap fra misjonsvenner i Norge gjennom SHV.

(Stiftelsen Haydems Venner)

Se mer på www.mulbadaw.com

MARKEDSDAG OGNATUN

8. JUNI KL. 17:00

- SALG AV BLOMSTER, LAPPER OG GRILLMAT
- MØTE MED ÅRESALG KL. 19:00
- ANDAKT OG SANG AV MARTHA OG EDGAR PAULSEN

GRUDE BYGG

Bedriftsveien 35 - 4353 Klepp Stasjon
tlf.: 51 78 98 50

NYBYGG • PÅBYGG • REPARASJONER

Trenger du regnskapsfører?

Besøksadresse:

Myrvegen 2, 4344 Bryne
Welhavensv. 19, 4319, Sandnes
Stasjonsvegen 14, 4360 Varhaug
(2. etasje Spar Varhaug)

Kontakt Jonas Varhaug - tlf. 905 79 580, E-post: post@jarok.no

www.jarok.no



Autorisert regnskapsfører



Brit Ege Salongen

Tlf: 51 48 03 72

VIGRESTAD BYGG



WWW.VIGRESTADBYGG.NO

Tlf: 958 19 505



NorProfil AS



Bryne Maskinering AS

Grude Gartneri

Brekkeveien 18
4353 Klepp Stasjon

VB

VARME & BAD

Bryne Rør A/S

Pål Hatteland AS

Entreprenør

Mob 99278710

BR

BRYNE REGNSKAP

Tlf 975 25 110

Post@bryne-regnskap.no

www.bryne-regnskap.no

Le Service A S



Leplanting
Hageanlegg
Kompoststrø



4362 Vigrestad

Tlf: 51 43 75 89 - Fax 51 43 66 53

Mobil: Erik: 982 46 915 - Einar: 982 46 916

din trafikkskole

Tlf.: 464 22 022

Bokføring - lønn - årsoppgjør
stiftelser- økonomisk rådgivning

NETTREGNSKAP OG RÅDGIVNING, TLF 51 43 08 27 - WWW.NETTREGNSKAP.NO

ROTT

Haugstad Eiendom AS

Postboks 37
4369 Vigrestad

WALDELAND MASKIN

- Grusarbeid
- Transport
- Graving
- Grøstøkk
- Landbruk
- Traktor
- Pressing av rundbøtter
- Vintervedbehold
- Bøyting og streng



Tlf: 90 79 61 44

JG MASKIN



Jan Gunnar Undheim - Varhaugsv. 69, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jgunnaus@online.no



• SERVICE • DELER
• REPRASJONER

Odd Narve Grude

Næringsbygg
Tlf.: 90 13 95 19
51 42 37 99



Returadresse: ImF Rogaland, Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg



Egen kidscamp
og ungdomscamp
alle uker

Forsangere
hver uke

LYNGDAL BIBELCAMP 2023

U27

3-9 JULI

BIBELTIMER
Ole Magnus Brelvold
KVELDSMØTER
Espen Ottosen 3-5 juli
Gunnar Ferstad 6-9 juli

LEIRSJEF
Torgeir Lauvås

KONSERT FREDAG 22.00
JUSTIFIED

U28

10-16 JULI

BIBELTIMER
Arild Ove Halås
KVELDSMØTER
Jarle Haugland 10-13 juli
Henning Persson 14-16 juli

LEIRSJEF
Kenneth Foss

FAMILIESAMLING TORSDAG
16.00

Jarle Waldemar

KONSERT FREDAG 21.30
RETT KURS

U29

17-23 JULI

BIBELTIMER
John Roger Nesje
KVELDSMØTER
Vegard Hettebakke

LEIRSJEF
Solveig Hosøy

FAMILIESAMLING TORSDAG
16.00

Rebecca Waldemar

KONSERT FREDAG 21.30
«Star of hope»

U30

24-30 JULI

BIBELTIMER
Runar Landro 25-27 juli
Aud Karin K Ringvoll 28-29 juli

KVELDSMØTER
Runar Landro 24-26 juli
Aud Karin K Ringvoll 27-30 juli

LEIRSJEF
Ragnar Ringvoll

FAMILIESAMLING TORSDAG
16.00

Are Odland fra Lego Masters

For mer info og detaljer om programmet sjekk bibelcampen.no

Booking av rom og leiligheter skjer på bibelcampen.no eller tlf 38 33 06 00.
Booking av plass for campingvogn, telt og bobil skjer fra torsdag 13. april
kløkken 10.00 på bibelcampen.no eller tlf 38 33 06 00.

